

Fortid & notid for framtid

Arkiv og kulturformidling

Handlingsprogram, årsbudsjett 2019 og
økonomiperioda 2019-2022 med investeringar

IKA Møre og Romsdal IKS

1.	Innleiing.....	3
2.	Status og utfordringar.....	3
3.	Mål og strategiar.....	3
4.	Sikre arkiv for framtida.....	4
4.1	Kartlegging.....	4
4.2	Kurs, konferanse og faggruppemøte.....	4
4.3	Bevaring og kassasjon.....	5
4.4	Papirarkiv.....	5
4.4.1	Personregister.....	5
4.4.2	Avlevering av arkiv til depot.....	5
4.4.3	Privatarkiv.....	5
4.4.4	Ordning, registrering og tilgjengeleggjering av papirarkiv i Asta.....	6
4.4.5	Depot for papirarkiv.....	6
4.4.6	Ordningsprosjekt for kommunane.....	7
4.5	Digitalt arkivmateriale.....	7
4.6	Formidling.....	8
5.	Digitalisering.....	9
6.	Organisasjonsutvikling.....	9
7.	Kulturnett / Fylkesfotoarkivet / SEDAK.....	10
8.	Personvernombod.....	11
9.	Årsbudsjett 2019 og økonomiperioden 2019-2022.....	14
9.1	Årsbudsjett 2019.....	14
9.2	Årsbudsjett 2019 prosjekt.....	14
9.3	Økonomiperioden 2019-2022.....	15
9.3.1	Hovudpunkt.....	15
9.3.2	Styrka bemanning i 2020.....	15
9.4	Økonomiplanperiode.....	17
9.5	Økonomiplan investeringar 2019-2022.....	17



1. INNLEIING

Bevaring og tilgjengeleggjering av eigne arkiv er ei av mange oppgåver som kommunane og fylkeskommunen skal løyse. I Møre og Romsdal har alle kommunane og fylkeskommunen gått saman og oppretta Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS (IKAMR) for å løyse desse oppgåvene i fellesskap.

IKAMR sin visjon er «Fortid og notid for framtid».

IKAMR skal arbeide for at arkivmateriale frå medlemmane eller slikt materiale som desse tar ansvar for, blir tatt vare på og gjort tilgjengeleg for offentleg bruk, forskning og andre administrative og kulturelle formål, i samsvar med arkivlova.

IKAMR har depotansvar for arkivmaterialet til 35 av dei 37 eigarane våre. Vi utøver også arbeid knytt til privatarkiv. I 2019 vil det bli utført digitalisering- og ordningsoppdrag finansiert på sida av ordinær medlemsskapskontingent.

IKAMR har som selskap også blitt tillagt arbeidsoppgåver som kjem utanom pliktene i selskapsavtalen. Dette gjeld ansvaret for Kulturnett Møre og Romsdal, FylkesFOTOarkivet og SEDAK (Fylkessenter for Digitalisering av Kulturarven). Desse oppgåvene er lagt til oss av Møre og Romsdal fylkeskommune.

2. STATUS OG UTFORDRINGAR

Satsingsområda til IKAMR er:

- Sikre arkiv
- Digitalisering
- Organisasjonsutvikling

Kommunereforma vil utfordre IKAMR på alle desse 3 områda. Det vil bli omfattande endringar i oppbygginga av eigarskapet til IKAMR i den neste økonomiperioden. Ein endra eigarstruktur og ny finansieringsmodell må på plass.

IKAMR vil måtte jobbe med å tilpasse kapasiteten på tenestene i forhold til kva eigarkommunane vil bestille frå oss. Dette gjeld både for kapasitet på oppbevaring (hyllemeter), digitaliseringstenester og ordning av arkiv. IKAMR skal i 2019 utarbeide ein kompetanseplan for selskapet. Kompetanseplanen skal ta utgangspunkt i IKAMR sin strategi.

IKAMR må arbeide for å få på plass ein finansieringsmodell som er robust med omsyn til endringar i eigarskap.

Bemanninga ved IKAMR må styrkast for å kunne levere tenestene som eigarane ber om. Dette gjeld handtering av eldre arkiv, arkivdanning og sikring av digitalt skapte arkiv. Det må i 2019 arbeidast for å få på plass ei utviding av kapasiteten på desse 3 områda.

3. MÅL OG STRATEGIAR

IKAMR Møre og Romsdal skal vere det leiande arkivfaglege kompetansesenteret for eigarane.

Vi skal hjelpe kommunane til å oppfylle deira lovpålagte arkivoppgåver på ein effektiv og rasjonell måte. Vi skal kunne levere tenester innan arkiv basert på behova til eigarkommunane.

Dei 3 satsingsområda for 2019-2022 er:

1. Sikre arkiv for framtida

Riksrevisjonens undersøking frå 2010 av arbeidet med å sikre og tilgjengeleggjere arkiva i kommunal sektor viste manglande sikring og tilgjengeleggjering og dermed auka risiko for at mykje bevaringsverdig dokumentasjon vil gå tapt.

2. Digitalisering

Eigarane til IKAMR gjennomfører for tida ei omfattande digitalisering av arbeidsprosessane sine. IKAMR skal halde seg oppdatert på denne utviklinga, og kan gje arkivfaglege råd til kommunane på dokumentasjonshandtering og arkiv.

Når det gjeld den digitale utviklinga er samfunnet inne i ein fase der det ikkje lenger er tilstrekkeleg å digitalisere dagens tenester og prosessar. For å møte dei auka krava til ei effektiv, brukarvenleg og opa forvaltning må vi tenkje nytt og kanskje løyse samfunnsoppgåva våre på nye måtar. Den digitale transformasjonen beskrivast som ein prosess der verksemdene endrar korleis dei utfører oppgåvene sine, tilbyr betre tenester, arbeider meir effektivt eller skaper heilt nye tenester. Brukarfokus og brukaroppleving er sjølve kjerna i endringane som baserer seg på utnytting av digital teknologi. Slik innovasjon vil stille krav til leiing, omstillingsevne og prosessar i organisasjonen.

3. Organisasjonsutvikling

Kommunereform – modell for finansiering

Kompetent og innovativ organisasjon

Arkivfagleg utvikling

God kommunikasjon

God økonomistyring

Kostnadseffektiv drift

4. SIKRE ARKIV FOR FRAMTIDA

Det meste IKAMR gjer av oppgåver fell inn under det å sikre arkiv for framtida.

4.1 Kartlegging

Skal ein sikre arkiv er det heilt avgjerande at ein har oversikt over kva arkiv som finst, kor det er lagra og kva det inneheld. For å få til dette må IKAMR i 2019 gjennomføre eit kartleggingsprosjekt i samarbeid med kommunane. Før ei kommunereform vil dette arbeidet vere spesielt viktig å ha gjennomført.

4.2 Kurs, konferanse og faggruppemøte

IKAMR skal arrangere 3 kurs om "Ordning av eldre arkiv". Om nokon av eigarkommunane ønsker det arrangerer IKAMR kurset lokalt også.

IKAMR skal arrangere 2 arkivplankurs i 2019 og elles rettleie kommunane etter førespurnad.

Den årlege kontaktkonferansen for IKAMR sine medlemar vil bli arrangert i Ålesund i oktober. Kontaktkonferansen skal vere ein viktig arkivfagleg arena for arkivarar i fylket.

IKAMR vil delta i faggruppemøta til:

- SSIKT - Søre Sunnmøre samarbeidet
- eKommune Sunnmøre
- ROR-IKT samarbeidet
- IKT ORKidé samarbeidet

4.3 Bevaring og kassasjon

Frå 1. februar 2014 blei nye bevarings- og kassasjonsreglar for fylkeskommunale og kommunale arkiv innført. Rettleiaren er klar og Representantskapet til IKAMR bad om at dette arbeidet skulle bli prioritert. IKAMR vil hjelpe eigarane våre å få på plass bevarings- og kassasjonsplanar.

IKAMR kjem i 2019 til å ta anbefale kommunane i fylket å bruke mal utarbeida av Øygarden kommune og IKA Hordaland. IKAMR vil koordinere dette arbeidet for dei kommunane som ønskjer å delta.

4.4 Papirarkiv

4.4.1 Personregister

Ekspedering av mappedokumentasjon aukar i takt med at mengda deponert materiale aukar.

Ein skal vidareføre registrering på boksniå av nye avleveringar i Asta. Alle personregisterseriar som er registrerte i Asta skal i løpet av året publiserast til arkivportalen.no. Det skal jobbast vidare med å samkøyre rutinar for handtering av eldre arkiv og personregister.

For å gjere igjenfinning av personmapper sikrere og mindre ressurskrevjande skal det jobbast med ei løysning for søk på mappenivå. Det er tildelt prosjektmidlar frå Arkivverket til eit nettverk av arkivinstitusjonar som ilag skal lage ei slik løysing.

4.4.2 Avlevering av arkiv til depot

Ein stor del av arbeidet med eldre arkiv i 2019 vil vere ordning og registrering av arkiv, formidling, rettleiing, korrekturlesing av avleveringslister og mottak av arkiv. Arkiv som ikkje er ordna, registrert og beskrive er lite tilgjengeleg.

IKAMR vil i 2019 effektivisere prosessen med ordning ute i kommunen og avlevering av ferdig ordna arkiv til depot. Eigarane våre vil bli tilbydt kurs i ordning og avleveringsprosessen i 2019. Til slutt vil vi også foreta ein grundig vurdering av ordnings- og avleveringsprosessen samt resultatet av denne som blir lagt frem for dagleg leder i slutten av 2019.

I 2018 har vi sett at kommunereforma gjer at antall bestillingar av avleveringslister har auka ein god del. IKAMR vil i 2019 arbeide for å effektivisere og standardisere avleveringsprosessen og kommunikasjonen med avleverande kommunar. Fyrste leddet i dette arbeidet blir å utarbeide eit digitalt skjema for bestillingar av avleveringslister.

Kommunereforma påverkar arbeidet med eldre arkiv i Møre og Romsdal. I 2019 skal vi jobbe for at kvar enkelt kommune skaffar seg oversikt over den totale mengde papirarkiv og ordningsgraden av denne. Kommunen skal ut frå kartlegginga også vurdere når dei meiner at arkivet skal avleverast til depot. Dette gjer det forutsigbart med tanke på kor mykje arkiv som står att ute i kommunane, når ein kan forvente at arkiv kjem til depot og å estimere kor mykje det vil koste å få arkivet ordna og avlevert til depot.

4.4.3 Privatarkiv

11 kommunar og Møre og Romsdal fylkeskommune er tilslutta ordninga med deponering av privatarkiv: privatarkivordninga. Dette inneber at IKAMR tar imot arkiv frå bedrifter, lag og privatpersonar i desse kommunane. Vi vurderer den kulturhistoriske verdien av arkiva og mengda i høve til kapasiteten vi har. Kommunane som er med er Vestnes, Fræna, Giske, Hareid, Norddal, Rauma, Sandøy, Smøla, Stranda, Sunndal og Vanylven.

Aktivitetar som skal jobbast med i 2019:

- Rolla som fylkeskoordinerende ledd. Den må klart definerast. Dette må gjerast delvis i samarbeid med dei andre store aktørane som oppbevarar privatarkiv (regionmusea) i Møre og Romsdal. Det skal dermed haldast møte med desse, med sikte på å få på plass ein skriftleg avtale om arbeidsdeling. IKAMR skal delta aktivt i det nasjonale nettverket for Fylkeskoordinerende institusjonar for privatarkiv.
- Rekruttering av nye deltakarar i privatarkivordninga (kommunane, politiske parti, lag, organisasjonar som enno er aktive). Det er laga ein bevaringsplan for privatarkivarbeidet i Møre og Romsdal. Denne skal fungere som eit utgangspunkt for vidare arbeid. Eit godt utgangspunkt for 2019 er samarbeidet med idrettskretsen, sjå pkt 3.
- Prosjekt med støtte frå Arkivverket. Prosjektet IKAMR fekk støtte til i november 2017, ordning, registrering og digitalisering av utvalde teikningar frå arkivet etter Voldnes skipsverft skal fullførast. Vidare skal 2 prosjekt vi akkurat har fått tildelt pengar til gjennomførast: Kartlegging av idrettsarkiv i Møre og Romsdal (i samarbeid med idrettskretsen) og ordning/registrering av Norske klippfiskeeksportørers landsforening (NKLF) og salgsorganisasjonen UNIDOS sine arkiv.
- Privatarkivsamlinga ved IKAMR. Det må jobbast med å få ei tydeleg oversikt over kva arkiv vi har i samlinga, kva kommune desse er skapte i og mengde. Det må også jobbast med å skrive historikken til kvar arkivskapar. Arkivskaparhistorikken set arkivet inn i ein kontekst og er ei viktig forutsetning for bruk av arkiva. I ASTA-basen må det ryddast opp. Denne inneheld per i dag både arkiv ein finn i IKAMR si samling og eksterne.
- IKAMR ønsker å finne stemmene til kvinner og barn i arkiva. Desse stemmene er ikkje i dei offentlege arkiva. Dei er i privatarkiva. Dei finns i dokumentasjon skapt av barneforeningar, KFUM/KFUK, misjonsforeningar, Santitesforeningar, helselag, husmorlag osv. IKAMR tek sikte på å jobbe fram mot ei slik aktiv innsamling med start 2020. Det vil verte søkt prosjektmidlar til dette formålet.

4.4.4 Ordning, registrering og tilgjengeleggjering av papirarkiv i Asta

Arbeidet med ordning av arkiv, registreringane i Asta og rutineutviklinga må sjåast i samanheng med kommunereforma og den store depotreforma som er sett i gong internt.

IKAMR har eit stort etterslep på ordning av arkiv som er eldre enn førre store kommunereform på 60-talet, og det er tidkrevjande å betene uordna arkiv. Dess meir arkiv vi tek imot dess fleire førespurnadar kjem inn til depot. IKAMR har ikkje ressursar til å ordne dei gamle arkiva som vi har mottatt tidlegare og som enda ikkje er ordna.

IKAMR har gode rutinar for registrering og beskrivelse av papirarkiv i katalogdatabasen Asta, og desse skal følgjast opp i 2019. Spesielt skal ein i 2019 ha fokus på arkivbeskrivelsar og riktig bruk av metadatafelt. Dette for å betre utnytte katalogverktøyet som hjelper oss med ikkje berre å lette framfinninga, men også hente ut betre statistikkar for kor mange meter arkiv vi tek imot, finordnar, grovordnar og kor masse av bestanden som er uordna.

IKAMR har ikkje rutinar for registrering og beskrivelse av elektronisk skapt arkiv. Dette har ein planar om å gjere noko med i 2019, slik at vi på ein plass kan sjå kva arkiv kvar enkelt arkivskapar har skapt og kor hen ein finn arkivdokumentasjonen som trengs innsyn i.

Arkivportalen.no er ein viktig nettstad for alle som arbeider med arkiv eller treng å vite om eit arkiv. Eit fokus er at alle arkiv som er ferdig ordna, registrert og beskrive skal ut på Arkivportalen slik at brukarar lett kan orientere seg om kva for arkiv vi har i våre depot.

4.4.5 Depot for papirarkiv

Behovet for elektronisk magasinstyring aukar med kvar hyllemeter arkiv som kjem inn. For å kunne jobbe effektivt og målretta med formidling av arkivbestanden må det prioriterast å sette inn ekstra

ressursar på forbetring av depotstyring (logistikk) i programmet Asta. Dette arbeidet må gå over fleire år.

For å få dette til krev det samtidig ein gjennomgang av korleis arkivbestanden er fysisk plassert i magasinerna. Dagens utfordringar når det gjeld dette er bl.a. mangel på oversikt, utilfredsstillande bruk av plass og til tider ikkje optimal plassering av arkivmateriale. I 2019 skal vi sette i gang ein depotreform med mål å samkøyre den fysiske og digitale magasinstyringa. Depotreformen vil kort forklart omhandle bl.a.:

- Komprimering av arkivmateriale som gjer at vi får betre oversikt over ledige hyllemeter.
- Flytting av materiale mellom bygningar for å redusere saksbehandlingstid.
- Samling av kommunebestandar, slik at vi har meir oversikt og betre moglegheiter for attfinning - og vil gjere at vi vil kunne generere ordentlege hyllemeterstatistikk for kvar kommune.
- Ein gjennomtenkt depotstrategi som gjer at nytt materiale ikkje blir tilfeldig plassert ved mottak, men strategisk plassert i ein kommunebestand.

Fyrste fasen i depotreformen, å rydde på plass eit heilt arbeidsmagasin til ordningsoppdrag og digitaliseringsprosjekt i nærheit av den nye ordningsavdelinga på IKAMR, skal bli ferdig i løpet av 2019.

Når det gjeld preservering av papirarkivmateriale har vi per dags dato ein god oversikt over klimaforholda i magasinerna, men sjølve forholda er ikkje optimale. Vi skal arbeide for å sikre stabile klimaforhold i magasinerna våre og ta konkrete tiltak i samarbeid med huseigar for å oppnå dette. Her ser vi bl.a. på ein ventilasjonsløyning i magasin M01.

Vi skal fortsette å systematisk kartlegge kor skadedyrproblema er størst og få ned bestanden av skjeggkre ved hjelp av limfeller. Eit konkret tiltak for skadedyrbekjempelse i 2019 blir å etablere faste reinholdsrutinar i magasinerna, utført av profesjonelle reinholdarar. I tillegg heldt vi fram med tiltak for å minske risiko for skadedyr og mugg i forbindelse med mottak av arkiv til depot.

4.4.6 Ordningsprosjekt for kommunane

Følgande ordningsprosjekt vert det jobba med i 2019:

- Sandøy kommune - diverse
- Herøy kommune - Barne- og sosialarkiv 28 hm
- Averøy kommune - 37 hm mange forskjellige seriar
- Vestnes kommune - 71 hm sak- og skulearkiv
- Giske kommune – skulearkiv
- Stordal kommune – sentralarkiv
- Nordal kommune – elverk
- Sunndal kommune – sentralarkiv
- Kristiansund kommune – skulearkiv
- Sunndal videregående skule
- Stranda kommune – sentralarkiv
- Fylkesbiblioteket – bokbåtarkiv
- Kristiansund kommune – etterarbeid digitalisering
- Ørsta kommune - helsearkiv

Fleire prosjekt kan kome til.

4.5 Digitalt arkivmateriale

Bevaring av digital informasjon er eit ressurskrevjande arbeid. Informasjon som blir skapt i eit informasjonssystem er avhengig av eit spesifikt system for å lese informasjonen. Dette inneber igjen at levetida for informasjonen er den same som for systemet den er skapt i. Derfor blir innhaldet i systemet forma om til et opent format som kan lesast også i framtida.

Eit sentralt prinsipp i bevaringsarbeidet, er at ein skil mellom system og informasjon. Informasjonen bevarast uavhengig av det opphavslege systemet den vart skapt i.

IKAMR er medstiftar av Kommunearkivinstusjonenes Digitale Ressurscenter (KDRS) saman med fleire andre kommunale arkivinstusjonar. KDRS skal hjelpe med handsaming av digitalt arkivmateriale gjennom å vere rådgjevar og utvikle løysingar.

Omgrep nytta i handsaming av digitalt arkivmateriale

Uttrekk = Tabelldata med eller utan dokument som er trekt ut av en system-database

Innleveringspakke SIP = Avslutta digitalt materiale som leverast til depot for bevaring

Arkivpakke AIP = Arkivversjon av digitalt arkivmateriale, klar til sikker bevaring for framtida

Formidlingspakke DIP = Digitalt arkivmateriale som er ordna klar til ei formidlingsløysing

Resultatmål i 2019 for bevaring av digitalt arkivmateriale i IKAMR

- Følgje IKAMR prosessar og rutinar for bevaring og formidling av digitalt arkivmateriale
- Følgje IKAMR produksjonslinje for bevaring og formidling av digitalt arkivmateriale
 - I) Mottak av Innleveringspakke SIP, deponering frå kommune/fylkeskommune
 - II) Lage Arkivpakke AIP av innlevert/deponert Innleveringspakke SIP
 - III) Laste opp Arkivpakke AIP i KDRS sitt depotforvaltningssystem i Trondheim
 - IV) Lage Formidlingspakke DIP av Innleveringspakke SIP / Arkivpakke AIP

Resultatmål i 2019 for digitalt arkivmateriale for alle 37 kommunar/fylkeskommunen

- Alle skal ha bevaringsplan for system i arkivplan.no og i regneark samhandling
- Alle ska deponere Innleveringspakke SIP frå minst 3 system til IKAMR
- Alle skal få godkjent Arkivpakke AIP frå minst 1 system av IKAMR
- Alle skal motta Formidlingspakke DIP frå for minst 1 system
- Gi arkivfagleg og teknisk rådgiving til kommunane/fylkeskommunen og dei fire regionale IKT-driftsselskapa (IKT ORKidé, ROR-IKT, SSIKT, eKommune Sunnmøre)

Elarkivarsamarbeid innanfor KDRS:

- Månadlege telefon- og nettmøte
- Elarkivseminar, kurs og workshop vår og haust innanfor elarkiv
- Samarbeid med andre IKA/KAI innanfor fagområde/system/prosjekt

IKAMR nyttar KDRS sitt depotforvaltningssystem ESSArch til bevaring av ferdige arkivpakkar (AIP) i digitalt depot. ESSArch er eit forvaltningssystem som skal bevare kommunane sine arkivpakkar sikkert i eit langtidsperspektiv i Trondheim med backup i Oslo og Mo i Rana.

IKAMR deltar i nasjonale prosjekt for elektroniske arkiv:

- KDRS Utforming av felles prosesser og rutiner for digitalt skapt materiale
- KDRS *Produksjonslinje for bevaring og formidling av elektroniske arkiv fra kommunal sektor*
- KDRS *Produksjonslinje – automatisert formidling av fagsystem*
- Bruk av Documaster Decom for å lage og bruke malsett for arkivsystem, med støtte frå Riksarkivarens arkivutviklingsmidler og Mavod II-prosjektet frå Arkivverket
- MODARK (Modernisering av arkivoverføring), prosjekt i Arkivverket
 - Rådgiver i MODARK prosjekter
 - Pilotprosjekter produksjonslinje for Giske, Volda, Kristiansund og Volda kommune

4.6 Formidling

IKAMR arbeider med å auke bevisstheita om arkiv som eit unikt kjeldemateriale. Vi har som mål å formidle heilskapleg samfunnsdokumentasjon for allmenta, til bruk i forskning og kulturelle og administrative formål.

IKAMR skal arrangere Arkivdagen. Arrangementet har vore ein suksess og ein viktig formidlingskanal for IKAMR med bra omtale i media.

IKAMR vil etablere kontakt med Historisk institutt ved Høgskulen i Volda for å avklare om arkiva ved IKAMR kan vere av interesse for forskarar og studentar.

Dei tilsette på IKAMR skal arbeide tverrfagleg med å formidle bestanden til IKAMR.

5. DIGITALISERING

Digitalisering av arkiv er viktig for å kunne sikre arkiva for framtida og for å legge til rette for betre framfinning og tilgjengeleggjing av dei. IKAMR skal tilby kommunane hjelp med å digitalisere arkiv for å legge til rette for raskare saksbehandling, betre service til innbyggerane og for å sikre arkiva for framtida.

IKAMR tilbyr digitalisering av arkiv til eigarane våre. Kapasiteten må tilpassast etterspørselen til eigarkommunane.

IKAMR har fått arkivutviklingsmidlar frå Arkivverket for digitalisering, publisering på nett og indeksering av protokollar frå kommunestyra i Møre og Romsdal for perioden 1945-1964.

IKAMR skal i 2019 digitalisere arkiv for:

- Møre og Romsdal fylkeskommune - kulturvernarkiv
- Rauma kommune – byggesak og landbruk
- Vestnes kommune – byggesakarkiv
- Skodje kommune – byggesakarkiv
- Sandøy kommune – teknisk sakarkiv
- Ørskog kommune – byggesakarkiv
- Haram kommune – byggesak
- Vanylven kommune – byggesak
- Norddal kommune - byggesak

IKAMR skal vidareutvikle formidlingsløysinga for digitalisert arkivmateriale basert på NOARK5-kjerne.

IKAMR vil i samarbeid med SEDAK arbeide for å få basiskunnskap om metodar for å gjennomføre digitalisering av skada/lite leseleg arkivmateriale. Dette for å sikre informasjonen for ettertida.

IKAMR skal halde kurs i arkivplan.no for å gjere eigarane i stand til å ferdigstille og oppdatere arkivplanane sine. Oppdatert arkivplan er ein føresetnad for å kunne ha elektroniske arkiv.

6. ORGANISASJONSUTVIKLING

IKAMR skal i 2019 rigge organisasjonen for å vere førebudd på kommunesamanslåingar.

IKAMR skal vere ein kompetent organisasjon prega av samarbeid og tryggleik.

IKAMR skal:

- arrangere fellesmøte for alle tilsette med jamne mellomrom
- arbeide med å forbetre økonomistyringa i selskapet
- forbetre brann- og HMS-systemet
- oppdatere dokumentet "Lønnspolitisk retningslinje for IKA Møre og Romsdal IKS"
- implementere personalhandboka
- etablere kompetanseplan
- forbetre kommunikasjonen (telefon, internett og sosiale media)
- etablere tenestekatalog
- starte arbeidet med kvalitetssystem

- forbetre bruken av internt sak/arkivsystem

Vi skal ta i større grad bruk digitale verktøy for videomøter for å effektivisere drifta.

7. KULTURNETT / FYLKESFOTOARKIVET / SEDAK

KULTURNETT:

Satsingar:

- Flytting av heimesider for KnMR og IKA til Amazon løsning.
- Oppgradering frå Drupal 7 til Drupal 8.
- Pris på ny nettside layout for KnMR.
- Det skal gjerast tilpassingar for betre formidling av db.ikamr.no, samt at vi går i dialog med Digitalarkivet for nasjonal plattform for deler av digitalisert materiale vi sitter på i dag.
- Utfordringa i 2019 vert å sjå på kva drifta av kulturdatasane vil koste dei komande åra. Dette gjeld og felleskostnader med Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane som etter kvart vert Vestlandfylket. Kulturnett Møre og Romsdal vil ikkje ha nok ressursar til å handtere dette i dei komande åra.
- Laste opp skipsteikningar og foto for Voldnes verft. Arkivutviklingsmidlar.
- Laste opp protokollar frå prosjektet; Digitalisering og publisering av kommunestyreprotokollar.
- Berging av lydfiler for stadnamnarkivet fortset på tredje året i 2019. Om ein fin plass i budsjettet vil det bli leigd inn hjelp til arbeidet
- I 2019 fortsett vi med stadnamn for Sykkylven og Eide samt Ålesund kommune. I tillegg må vi kome i gong med Nesset kommune. Det er ikkje ekstra midlar til dette arbeidet og må takast ved ledig tid.

Økonomi

Kulturnett Møre og Romsdal vil ved årsslutt har tømte fondet for midlar. Kostnader for endring av nettstad utover fylkeskommunale overføringar skal takast av fond.

FYLKESFOTOARKIVET (FAK):

Hovudfokus vert arbeid med fotografarkiva som FAK mottekne dei siste åra, databearbeid og opplasting av bilde i databasen. Målet er å tilby meir enn 205.000 bilete via nettbasen innan utgangen av 2019. Auke av ressursar til registreringsarbeidet er òg eit mål i plana for 2019.

Deltaking i det *Nasjonalt ABM-nettverk for fotografi*, krev framover større innsats. Gjennom videointervju mm. skal FAK bidra til bokprosjekt om *Den Norske Fotohistoria 1945-2011*.

Fagleg prioritering

1. Arbeid med mottekne fotografarkiv frå Møre og Romsdal
2. Database- og registreringsarbeid
3. DIS-dugadar
4. Arbeid med fotohistorie frå Møre og Romsdal

Formidling

Fokus i 2019 vil vere registreringsarbeid i nettbasen. «DIS-gjengen» skal prioritere arbeid registrering og digitalisering. I 2019 vil arbeidet med arkiva etter fotografane Olav Lystad (Ørsta) og Alv Dale (Ålesund) stå sentralt. FAK vil skal også arbeide med formidling av Magne Mulvik (f.1941) sitt arkiv i Sunndal, og Kristoffer Aas (1889-1977) sitt frå Vestnes.

Utvikling og presentasjon av Mulvik (Sunndal) og Martin Velle (Ørsta) sine arkiv. Utstilling knytt til fotograf Peter Ekroll i Tennfjord i samarbeid med Tennfjord sogelag. Meir i media om fotobevaringsarbeidet i fylket.

Fotoarkiv

FAK ventar mottak av fleire fotoarkiv etter nolevande fotografer i 2018. Fotograf Per Eide i Ulsteinvik sitt arkiv kan td. bli FAK sitt i løpet av 2019. Mottaket krev reorganisering i magasinet og fokus på trong for meir magasinplass.

Samarbeid

Arbeidet med «Aas-Pedersen»-arkiva i Vestnes og samarbeid med Vestnes sogelag står sentralt i samarbeidsplanen for komande for 2019.

Ressursar

Dei faste samla offentlege tilskot frå fylket til FAK vil for 2019 vere tilnærma som i 2018.

Det bør ma. opnast for tilrettelagt arbeid for personar som treng arbeidstrening og har sterk interesse for fagområdet til FAK.

Anna

Å tenke framover mot ei endring, satsing på prosjektsøknader, planarbeid og auka ekstern finansiering bør ha merksemd i 2019. Her bør bidrag frå kommunane som særleg nyt godt av FAK sine ressursar, utan sjølv å bidra økonomisk, stå sentralt.

SEDAK (Senter for digitalisering av kulturarven):

Digitaliseringsoppdrag

Vidareføring frå 2018:

- Først-arkivet for Jugendstilsenteret – slutføring av digitalisering og registrering av utvalte teikningar
- Sandøy kommune – slutføring av digitalisering og import i Documaster av teknisk arkiv
- Rauma kommune – digitalisering og import i Documaster av byggesaksarkiv/landbruk/oppmåling/skogbruk
- Vestnes kommune – digitalisering og import i Documaster av byggesaksarkiv

Nye prosjekt:

- Skodje kommune – digitalisering og import i Documaster av byggesaksarkiv

Kompetanseheving

- Capture One POCP bilde- og kameraprogramvare kurs, fornying av sertifiseringa for 2 nye år
- Faglege besøk hjå andre aktuelle institusjonar og konferansar

Satsingar

Presentasjon av SEDAK på regional samling for ABM institusjonane i samarbeid med Fylkesbiblioteket/Nasjonaltbiblioteket og KulturNett.

Planarbeid

Deltaking i nasjonal og internasjonal arbeidsgruppe innanfor fotografi i ISO-systemet. Dette er tett knytt opp mot arbeidet med nasjonal standard for digitalisering av papirbasert materiale.

Ressursar

Nokre av prosjekta vil bli utført av faste tilsette og prosjekttilsette ved IKAMR. Prosjektleiari vil stå for den faglege oppfølginga av dei tilsette ved IKAMR som jobbar på desse prosjekta.

8. PERSONVERNOMBOD

Formålet med denne handlingsplanen er å kartlegge korleis personvernombodsprosjektet skal oppfylle dei krava som stilles til prosjektet med grunnlag i prosjektavtala som er inngått med deltakarkommunane, og kort beskrive kva slags aktivitetar som er planlagt.

Kva står i avtala?

Personvernombodet skal ha følgjande oppgåver:

- Informer og gje råd om dei forplikingane oppdragsgivar har i høve til regelverket
- Sjå til at oppdragsgivar har etablert kontrollsystem for å sikre etterleving av personvernregelverket
- Kontrollere at oppdragsgivar etterlever regelverket har etablert kontrollsystem
- Gje råd til oppdragsgivar om personkonsekvensutgreiingar
- Samarbeide med og vere kontaktpunkt for Datatilsynet
- Samen med oppdragsgivar vere kontaktpunkt for innbyggerane/registrerte som det blir behandla opplysningar om.

Avtala baserar seg i hovudsak på dei obligatoriske krava i personvernforordninga, og kan grovt sett delast i to områder: rådgiving og kontrolloppgåver. Etter etableringa av prosjektet har mesteparten av tida blitt brukt til rådgjeving ut mot deltakarkommunane. Rådgjeving vil fortsette å være ein del av den daglege drifta til prosjektet. Det same vil rettleiing i forbindelse med avvikshandtering og anna bistand som kommunane måtte ynskje, innanfor ramane av det som er ombodets pliktar. I 2019 ynskjer vi å bruke mykje meir tid på kontrolloppgåvene som ombodet er pålagt.

Sia oppstart av prosjektet har det vore knyta spenning til storleiken på prosjektet, og om pågangen ville blir for stor. Foreløpig opplevast pågangen som handterleg, og det har ikkje vore nokon indikasjonar på at kommunane ikkje får den kontakta med personvernombodet som personvernforordninga leggjar opp til.

Som nemnt over skal prosjektet i større grad utføre si kontrollfunksjon. Grunnlaget for dette arbeidet vil baserast på ei rapport som kommunane er bedt om å skrive før jul 2018. Hensikta med rapporten er å kartleggje status på arbeidet med personvern i dei ulike kommunane, for deretter å kunne rette oppmerksomda din han trengs mest. Dette er i samsvar med den risikobaserte tilnærminga personvernombodet skal ha.

Satsingar/aktivitetar

Prosjektet skal føre tilsyn med samlege deltakarkommunar i løpet av 2019. Korleis kontrollen konkret skal gjennomførast er framleis under utarbeiding, men omboda vil fokusere på dei obligatoriske krava som stilles i den nye personvernforordninga.

Omboda vil følgje opp suksessen etter fagdagen i Molde i september med å arrangere to fagdagar i 2019, ein på våren og ein om hausten. Vi ser for oss å ha eit dagmøte på våren og ein to dagars samling etter sommarferien. Desse samlingane har vist seg å være ein god plattform for kompetanseheving og deling av erfaringar og vore til stor nytte for kommunane.

På bakgrunn av førespurnad frå kommunane knytte til sikkerheitsarbeid og risikovurderingar, ynskjer omboda å auke si eiga kompetanse innan sikkerheits- og risikoarbeid. Dette er ikkje ein plikt som er pålagt omboda i forordninga, men tilbakemeldingar frå kommunane viser at det er ynskjeleg at omboda har slik kompetanse for å kunne rettleie og bistå i disse prosessane. Denne kompetansen vil også være til nytte når personvernombodet skal uttale seg i forbindelse med gjennomføring av DPIA(personvernkonsekvensvurderingar). Dette er og kompetanse som er nødvendig for å kunne utføre kontrollar av tilstrekkeleg kvalitet ute hos de enkelte kommunane.

Evaluering av prosjektet

Ut i frå den gjeldande prosjektavtala skal prosjektet evaluerast i fyste kvartal i 2019, der føremålet er å finne ut om prosjektet skal vidareførast eller avviklast.

Eit ledd i denne evalueringa er å ha ei referansegruppe. Denne gruppa består av representantar frå kommunane og fylkeskommunen, der hensikta er å kartleggje korleis dei oppleve kontakten med personvernombodet, samt om ordninga fungerer etter si hensikt. På denne måten får man tilbakemeldingar direkte frå deltakarkommunane.

Det er satt av midlar i budsjettet for 2019 til å gjennomføre ei ekstern evaluering.

9. ÅRSBUDSJETT 2019 OG ØKONOMIPERIODEN 2019-2022

9.1 Årsbudsjett 2019

Inntekter:	IKAMR	Kulturnett	Fylkesfoto	SEDAK	Privatarkiv	Personvernombud	Totalt
SALGSINNTEKTER, AVGIFTSPLIKTIGE	-450 000		-45 000	-20 000			-515 000
SALGSINNTEKTER FRA PROSJEKTER (AVG.FRI)						-2 384 000	-2 384 000
REFUSJON FRA STATEN	-600 000			-200 000			-800 000
OVERFØRINGER FRA FYLKESKOMMUNEN	0	-950 000	-945 000	-865 000	-285 000		-3 045 000
REFUSJON FRA FYLKESKOMMUNE	-1 290 000						-1 290 000
REFUSJON FRA ANDRE KOMMUNE	-9 025 000		0		-85 000		-9 110 000
BRUK AV DISPOSISJONSFOND							0
OVERFØRT BUNDNE FOND (fra 2018)		-103 000	-34 000	-95 000		-156 000	-388 000
Sum inntekter	-11 365 000	-1 053 000	-1 024 000	-1 180 000	-370 000	-2 540 000	-17 532 000
Utgifter:							
Lønn og sosiale utgifter	7 205 000	810 000	795 000	685 000	278 000	1 504 000	11 277 000
HUSLEIE	2 920 000	40 000	40 000	85 000	40 000	90 000	3 215 000
FINANSUTGIFTER	140 000						140 000
KJØP AV VARER OG TJ. EGENPRODUKSJON	1 100 000	203 000	189 000	410 000	52 000	946 000	2 900 000
Sum kostnader	11 365 000	1 053 000	1 024 000	1 180 000	370 000	2 540 000	17 532 000

9.2 Årsbusjett 2019 prosjekt

Inntekter	2002 Sandøy	2017 Folkemusikk	2019 Herøy (bv, sos)	2023 Averøy 2	2026 Vestnes - byggsak	2027 Skodje - byggsak	2028 Rauma - bygg og landbruk	2032 Digitalisering Førstarkivet	2033 - Utviklingsmidlar - protokollar	2034 - Utviklingsmidlar - Voldenes
SALGSINNTEKTER FRA PROSJEKTER (AVG.PLIKTIG)										
SALGSINNTEKTER FRA PROSJEKTER (AVG.FRI)	-255 000	-155 000	-50 000	-100 000	-425 000	-700 000	-700 000	-120 000		
REFUSJONER FRA STATEN										
OVERFØRT BUNDNE FOND (fra 2017)	-18 000			-58 000					-98 000	-95 000
Sum	-273 000	-155 000	-50 000	-158 000	-425 000	-700 000	-700 000	-120 000	-98 000	-95 000
Utgifter										
Lønn og sosiale utgifter	273 000	100 000	40 000	108 000	300 000	500 000	100 000	80 000	90 000	80 000
KJØP AV VARER OG TJ. EGENPRODUKSJON		55 000	10 000	50 000	125 000	200 000	600 000	40 000	8 000	15 000
Sum	273 000	155 000	50 000	158 000	425 000	700 000	700 000	120 000	98 000	95 000

Inntekter	2035 - Giske skulearkiv	2037 Sandøy digitalisering av byggesak	2038 - MODARK	2039 - Stordal sentralarkiv	2041 Sunndal - ordning arkivmateriale	2042 Kristiansund - 2043 Sunndal - 2044 Stranda - videregående ordning arkivmateriale	2046 Fylket - Bokbåtarkiv
SALGSINNTEKTER FRA PROSJEKTER (AVG.PLIKTIG)							
SALGSINNTEKTER FRA PROSJEKTER (AVG.FRI)	-270 000	-150 000	-350 000	-400 000	-350 000	-350 000	-450 000
REFUSJONER FRA STATEN							-32 000
OVERFØRT BUNDNE FOND (fra 2018)							
Sum	-270 000	-150 000	-350 000	-400 000	-350 000	-350 000	0
Utgifter							
Lønn og sosiale utgifter	200 000	120 000	150 000	310 000	270 000	270 000	350 000
KJØP AV VARER OG TJ. EGENPRODUKSJON	70 000	30 000	200 000	90 000	80 000	80 000	100 000
Sum	270 000	150 000	350 000	400 000	350 000	350 000	0

Inntekter	2047 Haram - digitalisering av byggesak	2050 Kristiansund - Etterarbeid byggesak	2052 - Arkivutviklingsmidlar - sjømatarkiv	2053 - Arkivutviklingsmidlar - Idrettsarkiv	Totalt
SALGSINNTEKTER FRA PROSJEKTER (AVG.PLIKTIG)					0
SALGSINNTEKTER FRA PROSJEKTER (AVG.FRI)	-350 000	-85 000			-5 292 000
REFUSJONER FRA STATEN			-150 000	-300 000	-450 000
OVERFØRT BUNDNE FOND (fra 2018)	-138 000				-407 000
Sum	-488 000	-85 000	-150 000	-300 000	-6 149 000
Utgifter					
Lønn og sosiale utgifter	250 000	60 000	150 000	300 000	4 123 000
KJØP AV VARER OG TJ. EGENPRODUKSJON	238 000	25 000			2 026 000
Sum	488 000	85 000	150 000	300 000	6 149 000

9.3 Økonomiperioden 2019-2022

9.3.1 Hovudpunkt


Økonomiplan tar utgangspunkt i at ein styrkar bemanninga med 1 stilling frå 2020. Auka kostnad på om lag 900 000 kr.

For dei fylkeskommunale tenestene Kulturnett, Fylkesfoto og SEDAK er det ikkje lagt opp til endringar i økonomiplanperioda. Kva som skjer med prosjekt Personvernombod er avhengig av evalueringa som skal skje i 2019.

9.3.2 Styrka bemanning i 2020

IKAMR har behov for ein ekstra arkivarar til handtering av auka arbeidsmengde med handtering av både digitalt skapte arkiv og papirarkiv. I økonomiperioden for 2020-2022 er det lagt inn finansiering av ein ekstra arkivar.

Illustrasjonen under viser utviklinga i volum papirarkiv som blir skapt i statsforvaltninga. Utviklinga i kommunal sektor er nok den same. IKA Møre og Romsdal har tatt imot mykje av arkiva skapt fram til 1980. Det som stend føre oss no er å ta imot dei store papirarkiva skapt mellom 1980 og fram til no. Samtidig veit vi at med redusert mengde papirarkiv har vi hatt ein auke i digitalt skapte arkiv frå 1997 og utover.



Kjelde: Arkivverkets spørreundersøkelse 2015/16

Tilsyna som har blitt gjennomført av Arkivverket dei siste åra viser at det i Møre og Romsdal er stort behov for fagleg rettleiing innan arkivområdet.

Hovudutfordringa til IKAMR er at vi stadig tar imot meir arkiv som skal betenast. Når materialet vert avlevert til IKAMR vert arbeidet med å handtere dokumentasjonen flytta frå arkivarane i kommunen til IKAMR.

IKAMR har ikkje ressursar til å ordne og tilgjengeleggjere eldre arkiv. Desse arkiva står derfor i stor grad uordna og er arbeidskrevjande å gje innsyn i. Manglande oversikt over arkivbestanden går ut over kvaliteten og effektiviteten ved IKAMR.

Kostnadsauken med 1 stilling vert foreslått finansiert ved å auke kronebeløpet per innbyggjar med 3 kr per innbyggjar for kommunane og 0,5 kr per innbyggjar for fylkeskommunen frå 2019. Kostnadsauken for kvar eigar er vist i tabell under:

	Innbyggartal	Kontingen 2019	Kontingen 2020	Økning
1502 Molde	27 001	483 378	564 381	81 003
1504 Alesund	47 998	823 256	967 250	143 994
1505 Kr.sund	24 274	439 237	512 059	72 822
1511 Vanylven	3 163	97 514	107 003	9 489
1514 Sande	2 493	86 668	94 147	7 479
1515 Herøy	8 927	190 815	217 596	26 781
1516 Ulstein	8 609	185 668	211 495	25 827
1517 Hareid	5 155	129 758	145 223	15 465
1519 Volda	9 197	195 186	222 777	27 591
1520 Ørsta	10 857	222 056	254 627	32 571
1523 Ørskog	2 250	82 735	89 485	6 750
1524 Norddal	1 645	72 942	77 877	4 935
1525 Stranda	4 565	120 208	133 903	13 695
1526 Stordal	947	61 643	64 484	2 841
1528 Sykkylven	7 657	170 258	193 229	22 971
1529 Skodje	4 764	123 429	137 721	14 292
1531 Sula	9 271	196 384	224 197	27 813
1532 Giske	8 398	182 252	207 446	25 194
1534 Haram	9 383	198 197	226 346	28 149
1535 Vestnes	6 536	152 112	171 720	19 608
1539 Rauma	7 487	167 506	189 967	22 461
1543 Nesset	2 956	94 163	103 031	8 868
1545 Midsund	2 019	78 996	85 053	6 057
1546 Sandøy	1 238	66 354	70 068	3 714
1547 Aukra	3 539	103 600	114 217	10 617
1548 Fræna	9 800	204 947	234 347	29 400
1551 Eide	3 433	101 884	112 183	10 299
1554 Averøy	5 849	140 992	158 539	17 547
1557 Gjemnes	2 641	89 064	96 987	7 923
1560 Tingvoll	3 045	95 604	104 739	9 135
1563 Sunndal	7 106	161 339	182 657	21 318
1566 Surnadal	5 928	142 271	160 055	17 784
1567 Rindal	2 028	79 142	85 226	6 084
1571 Halså	1 574	71 793		
1573 Smøla	2 134	80 857	87 259	6 402
1576 Aure	3 553	103 827	114 486	10 659
Fylkeskommune	265 392	1 225 292	1 357 988	132 696
		7 221 326	8 079 767	930 234

9.4 Økonomiplanperiode 2019-2022

	Budsjett 2018		Budsjett 2019		Budsjett 2020		Budsjett 2021		Budsjett 2022	
	IKAMR tot	Reknskap 2018 IKAMR tot	IKAMR tot	IKAMR tot	IKAMR tot	IKAMR tot	IKAMR tot	IKAMR tot	IKAMR tot	IKAMR tot
Salgsinntekter, Avgiftspliktige	-722 000	-447 909	-515 000	-515 000	-515 000	-515 000	-515 000	-515 000	-515 000	-515 000
Salgsinntekter fra prosjekter	-3 366 500	-7 564 944	-2 384 000	-2 384 000	-2 384 000	-2 384 000	-2 384 000	-2 384 000	-2 384 000	-2 384 000
Overføring fylkeskommunen			-3 045 000	-3 045 000	-3 045 000	-3 045 000	-3 045 000	-3 045 000	-3 045 000	-3 045 000
Refusjon fylkeskommunen	-4 461 000	-4 038 332	-1 290 000	-1 290 000	-1 290 000	-1 290 000	-1 290 000	-1 290 000	-1 290 000	-1 290 000
Refusjon frå kommunane	-9 635 000	-7 847 317	-9 110 000	-9 110 000	-9 110 000	-9 110 000	-9 110 000	-9 110 000	-9 110 000	-9 110 000
Refusjon frå staten			-800 000	-800 000	-800 000	-800 000	-800 000	-800 000	-800 000	-800 000
Overført bundne fond	-1 026 500		-388 000							
Disposisjonsfond			0							
Overført bundne fond (til 2020)			0							
Inntektsøkning ved nytt tiltak			0	-930 000	-930 000	-930 000	-930 000	-930 000	-930 000	-930 000
Sum inntekter	-19 211 000	-19 898 502	-17 532 000	-18 074 000	-18 074 000	-18 074 000	-18 074 000	-18 074 000	-18 074 000	-18 074 000
Lønn og sosiale utgifter	12 006 000	11 955 347	11 277 000	11 277 000	11 277 000	11 277 000	11 277 000	11 277 000	11 277 000	11 277 000
Husleige	3 070 000	2 967 463	3 215 000	3 215 000	3 215 000	3 215 000	3 215 000	3 215 000	3 215 000	3 215 000
Kjøp av varer og tjenester	4 006 000	4 317 649	2 900 000	2 512 000	2 512 000	2 512 000	2 512 000	2 512 000	2 512 000	2 512 000
Finansutgift renter/avdrag lån	128 000	27 464	140 000	140 000	140 000	140 000	140 000	140 000	140 000	140 000
Kostnadsøkning ved nytt tiltak				930 000	930 000	930 000	930 000	930 000	930 000	930 000
Sum utgift	19 210 000	19 267 923	17 532 000	18 074 000	18 074 000	18 074 000	18 074 000	18 074 000	18 074 000	18 074 000
Resultat		-630 579	0	0	0	0	0	0	0	0

* Budsjettet er oppsett med basis i 2019 kroner, og med same aktivitet i Kulturnett, Fylkesfoto og Sedak i økonomiplanperioden.

* Det er førebels ikkje teke omsyn til i budsjett/økonomiplan bruk av bunde fond på hhv:

Art: 2510001 PRIVATARKIV	-59 336
Art: 2510002 BUNDNE FOND KULTURNE	-184 818
Art: 2510003 PRIVATARKIVPROSJEKT 20C	-128 802
Art: 2510004 BUNDNE FOND FYLKESFOT	-329 274
Art: 2510006 BUNDNE FOND SEDAK	-202 415

Sjå eigen oversikt for prosjektbudsjett 2019.

Grunnen til at både inntekter og utgifter går ned i 2019 i forhold til budsjett 2018 er at det er tatt ut alle andre prosjektinntekter/kostnader enn personvernombudsprosjektet. Prosjekt Personvernombod vart i 2018 budsjettet inn som refusjon fylkeskommune og kommune, men reknskapsført som salgsinntekter frå prosjekt.

9.5 Økonomiplan investeringar 2019-2022

INVESTERINGSBUDSJETT

	2019	2020	2021	2022
Tilgangskontrollsystem	300 000	0	0	0
Inventar og utstyr	100 000			
Sum utgifter	400 000	0	0	0

Lån	400 000			
Sum inntekter/finansiering	400 000	0	0	0